

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søker	Org. nr./person nr.
	Stord kommune	939866914
	Post / e-post	Telefonnr.
	kulturtenester@stord.kommune.no	53496600
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokalitetar og enkeltminne)	gnr., bnr.
	Rommetveit - lokalitet ID 45542 Breivikneset - lokalitet ID 15870	gnr. 21. bnr 1
	Gardsnamn	Kommune
	Rommetveit Øvre	Stord
3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Statsbygg	81555045
	Post / e-post	
	Biskop Gunnerus gate 6, 0155 Oslo. Epost: postmottak@statsbygg.no	
4	Søknadssum (overført fra side 4, finansieringsplan)	
	kr 92 050,-	
5	Skildring av prosjektet	
	<p>Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)</p> <p>Lokalitet ID 15870. Røysa er 10-11 meter i tverrmål. Det er berre botnlaget som ligg att, høgda er knapt 0,2-0,3 meter. Røysa er tilvaksen med gras, mose, lauvtre og nokre store grantre.</p> <p>Lokalitet ID 45542. Tufta er tilgrodd av gras, bregne, klunger og lauvtre. Vollane er tilgrodd og sikringssona er tilgrodd med større tre.</p>	
Datering	Gravrøysa: I nærleiken av røysa vart et funne eit spydblad med avbrutt spiss, mogleg fr	
Tidlegare tilrettelegging	Gravrøysa var truleg 2 meter høg og 18 meter i diameter. I 1865 byrja ein å ta stein "Seminarie bryggen". I 1870 vart haugen utgraven av Ross. Den var då knapt 60 cm høg og avlang på form. Det er gjort fleire funn i røysa.	
Tidlegare skjøtsel	Gravrøysa. Det er ikkje registrert organisert skjøtsel. I dag er røysa nesten borte og det er vanskeleg å sjå att spor etter den. Det gjer at den står i fare for aktlaus skade, då dei fleste som bruker området ikkje vil kjenne til røysa.	
Andre opplysningar	Nausttuft. Tett vegetasjon gjer det vanseleg å få oversikt over kulturminnet. Full tilstandsvurdering er difor ikkje råd å gjera før etter at tufta er rydda for vegetasjon. Planen er at fylkeskommunen skal vera til stade ved oppstartskjøtsel og overvake arbeidet.	

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

- Prosjektering
 Ny tilrettelegging
 Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

- Ja
 Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Delvis. Stien forbi Gravrøysta er tilrettelagt for rullestol. Stien forbi naustufta er ikkje tilrettelagd for stor rullestol. Vegen er delvis for bratt og smal. Vegen er fin for folk med barnevognar og med rulator. Planen er å utvide området rundt skiltet og sette opp ein benk. Det vil gjera det lett for eldre og andre rørselshemma å ta vegen inn i området, -så er det også ein fin plass å sitja.

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

- Ja
 Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

I kommunen fins fleire arkeologiske kulturminne som bør kome meir fram og gjerast meir synleg. Desse to kulturminna ligg på Rommetveit i eit område som er mykje brukt. Dei ligg ved sjøen, med storslått utsikt mot Langenuen, er lett tilgjengelege og ligg rett ved tursti.
I kommunen vert det no arbeid med plan for ny gangveg mellom Hystadmarkjo og Rommetveit. Den vil føre til ein samanhengande kultursti langsmed sjøen.

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Stord kommune har lenge hatt ønske om å gjera kulturminna synlege. I Hovudmålsetjinga i Kulturminneplan står:
"Stord kommune ønske at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap skal forvaltas med tanke på ei bærekraftig utvikling og at utvalde kulturminne og kulturmiljø skal verta verna som dokumentasjon".
Eininga Kulturtenester i lag med Stord Sogelag, Statsbygg og Hordaland fylkeskommune samarbeider om prosjektet.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

I frå parkeringsplassen for Høgskulen Stord Haugesund er det tilgang til tursti som går forbi begge kulturminna. parkeringsplassen har god kapasitet og er nytta av alle.

Eventuell anna relevant informasjon

TALITOR-LEDLIGHT AS jobbar med å utvikla solcelle armatur. Firma vil teste ut virkninga av desse i samarbeid med Statsbygg i Stord. Solcelle armatur vil verte sett opp langs gongveg som går forbi naustufta. Eit spennande prosjekt som kan auke bruken av turstien og området.

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinene skal sikra at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Representantar frå Stord kommune, Stord Sogelag og Statsbygg har hatt 4 møter. Me har i lag lagt plan for å få fram kulturminna og korleis me vidare skal utføre vedlikehald /skjøtsel. Seniorrådgiver ved Høgskolen Stord-Haugesund har meldt at dei vil vera i prosjektet.

Statsbygg har gitt samtykke til å lage ein skjøtselsplan for dei arkeologiske kulturminna.

Hordaland fylkeskommune delte med arkeolog frå avdeling for kulturminnevern og museum. Ho har sett opp utkast til skjøtselsplanar og bidrar i planlegginga.

Eininga Kulturtenester er koordinator for prosjektet.

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

Tiltak i skjøtselsplan for Gravrøys:

- Alle mindre tre og busker skal fjernast.
- Større tre skal fellast og stubben skal kappast i flukt med bakken.
- Sette opp skilt som omhandler røysa og funn i røysa.

Retningsliner for arbeidet:

- All vegetasjon skal kappast nær bakken.
- Vegetasjonskapp skal fjernast frå området. Ikkje fjerna røter, stubbar eller på andre måtar grave i bakken
- Ved felling av tre skal ein ta omsyn til fallretning og unngå å fella tre over røysa.

Tiltak i skjøtselplan for Nausttuft:

- Fjerne mindre vegetasjon inne i tufta og frå sikringssona til kulturminnet.
- Fjerne kvistdungar og søppel frå inne i tufta.
- Etter at den lågare vegetasjonen er fjerna og kulturminnet vert meir synleg, vil ein vurdera kor vidt ein skal fjerna større tre frå tufta.
- Skilting av kulturminne med informasjon på norsk, engelsk og spansk
- Utvide stien der skiltet skal stå, slik at det vert god plass for fleire å samlast.
- Setje opp benk ved skilt/kulturminne.

Retningsliner for arbeidet:

Vegetasjonan skal kappast nær bakken.

- Ikkje fjerne røter eller stubbar eller på andre måtar fresta jamna ut marka.
- Vegetasjonen skal fjernast frå tufta og sikringssona.
- Det har vore lunner i tufta. Det er viktig at ein ikkje grep i marka eller fjernar stokkar frå marka.
Hordaland fylkeskommune og Stord kommune avgjer i samråd med qrunneigar om det skal fiernast større tre.

9 Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

Eit av ønskja var å få med elever frå barneskule eller ungdomsskule til å delta i arbeid me rydde og å gjera avtale om ansvar for vidare vedlikehald / skjøtsel. Ein barnehage, Willvettene, som har base i lærarskulehagen, har meldt at dei vil delta i prosjektet. Om dei skal ei rolle i sjølve skjøtselsarbeidet er ikkje avklart.

Oppstart av skjøtsel skal skje på dugnad. Tal personar:

- 1 til 2 Fylkeskommunen
- 1 til 2 Statsbygg
- 5 Stord Sogelag
- 1 Stord kommune v/ eininga Kulturtenester

Statsbygg vil Ansvar for vidare skjøtsel inntil me får avtale med skular og /eller organisasjonar.

ARBEID SOM UTFØRT TIL NO.

Me sende søknad om tilskott i 2014, men fekk avslag. Fornya søknad er basert på samme mal, men i kostnadsplan trekk me arbeidd som er utført til no. Det gjeld utgifter til:

- Illustrasjon
- Innkjøp av 2 skilt

Fundamentet er ikkje gjort, men område ved nausttufta er rydda. Arbeidet vart gjort på dugnad med representanter frå Stord sogelag, Statsbygg, barnehagen Willvettene, Hordaland fylkeskommunen og Stord kommune. Dermed vert deler av dugnadsarbeidet trekt i oppsettet.

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

Innkjøp av 2 skilt i A1 format. Kostnadene er basert på innhenta prisar.

Avfotografera 3 gjenstander	kr 1 200,-
Oversette tekst til 2 språk x 2	kr 3 200,-
Trykk x 2	kr 6 000,-
Lay out kr 5 000 x 2	kr 10 000,-
Fundament x 2	kr 4 000,-
Sum mangelande arbeid skilt	kr 24 400,-
Benk, "april" Vestre m/armlene	kr 14 000,-
Opparbeide plass foran skilt	kr 10 000,-
Fagfolk m/maskiner Statsbygg	kr 14 000
Dugnad 5 personar Sogelaget	kr 4 000,-
1 personar frå fylkeskommunen	kr 10 000,-
Adm/Stord kommune	kr 5 000,-
Statsbygg	kr 4 000,-
Kostnad - adm/opparbeidning	kr 37 000,-
Total kostnad	kr 85 400

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	42 000
eventuelt tilskot frå kommunen	14 000
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	
andel av eigne midlar	
andre midlar	6 400
dugnadsarbeid	23 000
anna	
Sum (kr):	85 400

12 Stad: **Dato:** **Underskrift**

13 Kommunen sin uttale

Prioritering:	Tiltaket er prioritert som nr 1.
Tilskot frå kommunen:	Komunalt tilskot i 2016 kr 30 000
Fråsegn:	Stord kommune sende samme søknad i 2014 å fekk avslag. Tiltaka har topp prioritert. Samarbeidet mellom Hordaland fylkeskommune, Stord sogelag, Statsbygg, barnehagen Villvetene og Stord kommune er meget bra å bør stettast med tilskott. Rommetveit er eit attraktivt område og tiltaka vert synleg for svært mange.

Søknaden sendast pr. e-post til: hfk@hfk.no

NB! Søknadsfrist 1. november